

# Styremøte i Sotra Volleyballklubb



**Tid:** Måndag 01.11.2021 kl. 18:00-19:30

**Stad:** Bildøyhallen - klasserommet

---

## Saker:

- 1/5** Innkalling
- 2/5** Saksliste
- 3/5** Referat frå møta 20/09 og 04/10
- 4/5** Orienteringar
- 5/5** Helgevakt i Bildøyhallen
- 6/5** Verving av nye støtte-medlemer
- 7/5** Finansiering av JU17 volleyballcup i Stavanger
- 8/5** Finansiering av reiser 1. divisjonslaget har til bortekampar hausten 2021
- 9/5** "Administrative oppgåver i forbindelse med seriespill i lavere divisjoner"
- 10/5** Namn på spelarar på aldersbestemte lag og seniorlag
- 11/5** Sekretariat for 2. divisjon damer og 1. divisjon herrer
- 12/5** Ymse

## **13/5** Tid for neste møte

---

### **Orientering om sakene:**

#### **1/5** Innkalling

Vedtak: Innkallinga vert godkjent.

#### **2/5** Saksliste

Vedtak: Sakslista vert godkjent.

#### **3/5** Referat frå møta 20/09 og 04/10

Vedtak: Referata vert godkjende.

#### **4/5** Orienteringar

- 1)** Seriespel har starta på seniornivå.  
Damelaget 2. divisjon har spelt fleire kampar.  
Herrelaget 1. divisjon har spelt 1 seriekamp og 16. delsfinale i cupen mot Studentspretten i Sogndal.
- 2)** Sotra VBK har arrangert cup-turnering for JU17 og GU17 i Spildahallen 25. september.
- 3)** 1. divisjonslaget har hatt treningskamp mot Viking GU17 og 1. divisjonslaget til BTSI.
- 4)** Sotra VBK har arrangert open hall i Bildøyhallen søndag 24. oktober  
Ventar på vurdering av tiltaket.
- 5)** Oversikt på turneringstider. Vert lagt fram på møtet.

**5/5** Helgevakt i Bildøyhallen

Mikael skal i møte med Hans Jarle Einarsen der agendaen er å fordela helgevaktene i Bildøyhallen ut året 2021.

**6/5** Verving av nye støttemedlemmer

Dette har vore diskutert i styremøtet måndag 20. september 2021. Dette bør følgjast opp.

Korleis gjera det enkelt?

Kven tek ansvar?

**7/5** Finansiering av JU17 volleyballcup i Stavanger

Sotra VBK har fått sponsorstøtte på kr 8000,- frå Brødrene Ulveseth.

Frå tidlegare har klubben fått eit beløp av kommunen til støtte for deltaking i NM for aldersbestemte lag.

Resten vert betalt av klubben sin konto.

Foreldrekontakt og trenar får dekkja sine utgifter til overnatting, mat og bilgodtgjering.

Klubben betaler 4 kr per kilometer i kjøregodtgjering, bompengar og ferjebiletta.

Spelarane ordnar med mat etter kampslutt sjølv.

**8/5** Finansiering av reiser 1. divisjonslaget har til bortekampar hausten 2021

Sotra VBK betaler 4 kr per kilometer i kjøregodtgjering. I tillegg kjem bompengar og ferjebiletta.

Spelarane ordnar seg med mat sjølv.

I haust vert det ein bortekamp mot NTNUI i Trondheim.

Flyturen med leigebil i Trondheim kostar ca. 12000 kr.

Spelarane ordnar matutgiftene sjølv.

Bortekampar våren 2022.

Finansieringa til desse kampane gjennomgår vi på neste styremøte.

Det vert nytta flyreiser til Tromsø og Oslo (3 turar).

I mars 2022 vert det truleg arrangert NM for aldersbestemte lag.

Det vert ein del utgifter for klubben om vi har lag som kvalifiserer seg til å delta.

**9/5** “Administrative oppgåver i forbindelse med seriespill i lavere divisjoner“

Det er ein del opplysningar kretsen ønskjer: lagleiarar og klubbdommarar.

**10/5** Namn på spelarar på aldersbestemte lag og seniorlag

Klubben ønskjer ei oversikt på kven som spelar på dei ulike laga.

**11/5** Sekretariat for 2. divisjon damer og 1. divisjon herrer

Til damekampane må herrelaget stilla med to personar i sekretariatet (skjema og tavle) og kanskje med dommar. Namn på kven som gjer desse oppgåvene bør vera på plass.

Til herrekampane stiller damelaget med to personar i sekretariatet (skjema, e-scoresheet og tavle) og ein som kan føra statistikk (datavolley).

Herrelaget ordnar med streaming av kampane og kommentatorar.

Det bør også vera ein som presenterer laga.

**12/5** Ymse

**13/5** Tid for neste møte

Mvh.

Mikael Tangen

Styreleiar Sotra VBK